Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie

Aftenposten 25/1-71 103166

# Krig og okkupasjon 1940

Av professor, dr. philos. Magne Skodvin

*Her følger 2. artikkel av professor, dr. philos. M. Skodvin om «Krig og okkupasjon». Både denne og en siste artikkel omhandler avtalen av 10. juni 1940.*

Avtaleteksten byggjer på eit tysk utkast, det var tyskarane som hadde utspelet. Men avtalen har ei forhistorie på norsk side og. Det er ikkje rådeleg å tolka teksten utan å kjenna forhistoria.

## Regjeringskapitulasjon?

Var det på tale at den norske regjering skulle kapitulera, altså at Norge som stat skulle gå ut av krigen?

Ja, det er heilt på det reine. Den norske 6. divisjons stab rådde til å velja ei slik løysing. I divisjonsstaben vart det 4. juni 1940 utarbeidt eit brev der det mellom anna heiter: «Da det er fastslått at kampen i Norge ikke skal fortsettes, anbefaler divisjonen at den Kongelige Regjering innleder forhandlinger om våpenstillstand og fred». Det var vidare føresetnaden at Kongen i så fall skulle bli i landet. Forsvarets overkommando, dvs. kommanderande general Otto Ruge, var uenig i dette.

Brevet vart og lagt fram for utanriksministeren og forsvarsministeren, den 5. juni. Utanriksminister Koht opplyste då at regjeringa hadde valt ein annan politikk, og ikkje kom til å søkja fred, og at konge og regjering ville ta opphald utanfor landet, for å føra striden vidare. Det var også avgjort at dei deler av marine og flyvåpen som var i stand til det, skulle ta seg fram til Storbritannia. «Utanriksministeren gav et meget klart billede av situasjonen» skreiv divisjonssjefen seinare (i Canada 1942), «og det var innlysende at den oppsatte skrivelse ikke var bygget på foreliggende muligheter». Brevet vart ikkje ekspedert vidare. Det låg i 6. divisjons arkiv, og kom i tyske hender. Seinare vart det utnytta i NS-propaganda på ein måte som gjorde divisjonssjefen, general Fleischer, stor urett og verka med til å kasta skugge over hans siste leveår. Det var for resten ikkje general Fleischer som hadde konsipert brevet.

Men hovudsaka i denne samanheng er at tanken om fredsforhandling og regjeringskapitulasjon var lagt fram, og vart avvist for di regjeringa, i samsvar med Forsvarets overkommando, hadde valt ein annan politikk.

## Ordren til Forsvarets overkommando

I konferansen med general Fleischer den 4. juni hadde forsvarsministeren sagt at det ville koma nærare ordre om framgangsmåten ved avvikling av stridane i Nord-Norge. Den 7. juni, den dagen då Kongen og dei fleste regjeringsmedlemene reiste frå Tromsø, gav



*General Otto Ruge hadde fullmakt til å ordne alt som gjaldt tyskernes overtagelse av den faktiske makt i Nord-Norge.*

med andre ord berre bli militær og regional.

## Forhandlingane

General Ruge forhandla ikkje sjølv med tyskarane om avtalen. Han gav fullmakta vidare til to generalstabsoffiserar. Etter tysk krav skulle det nemleg sendast ein forhandlar til general Dietl, i Narvikområdet, og ein til den tyske overkommandoen, i Trondheim. Ruge sende oberstløytnant Harald Wrede Holm til Narvik og oberstløytnant Ragnvald Roscher Nielsen til Trondheim. Tyskarane hadde uttrykkeleg kravt forhandlarar med uavgrensa fullmakter. Men då Ruge mottok dette telegrammet, den 9. juni, var hans fullmakter alt fastlagt gjennom ordren frå Forsvarsdepartementet, og avgrensa slik som vi har sett. Dette stod ikkje til å endra.

Fekk nå tyskarane kjennskap til at dei norske forhandlarane var bundne av ei slik avgrensa fullmakt?

Ja, det gjorde dei, og dette er også utanfor tvil. Tyske og norske kjelder samstemmer på det punktet. Wrede Holm opplyser (i sine «Opptegnelser», vedlagt innstillinga frå den militære undersøkelseskommisjonen):

«Overensstemmende med den instruksjon jeg hadde fått av general Ruge meddelte jeg general Dietl at Kongen, Regjeringen, Marinen og Flyvåpnet hadde forlatt landet og at Norge som stat var og ville fortsette å være i krig med Tyskland, men at general Ruge hadde fullmakt til å ordne alt som gjaldt tyskernes overtagelse av den faktiske makt i Nord-Norge.»

## «. . . der Krieg fortdauert»

Frå tysk side finst det like eintydige opplysningar på dette punktet I den tyske «Morgenmeldung» tet. I den tyske «Morgenmelding» kommando der Wehrmacht 10. juni står det mellom anna:

at dei norske forhandlarane legg avgjerande vekt på at krigen held fram også etter at striden er slutt i Nord-Norge

at norske sjø- og luftstridskrifter har forlate landet saman med dei allierte

og at Narvik-gruppa derfor ville rå til å okkupera Tromsø snarast. (Dette siste punktet svara den tyske overkommandoen **nei til.**)

Sidan dette er viktige opplysningar, skal eg sitera på originalspråket:

«. . .

Soweit bisher zu übersehen ist, legen die Unterhändler entscheidenden Wert darauf, dass trotz der Einstellung der Kämpfe in Norwegen der Krieg fortdauert. Das wird dadurch unterstrichen, dass die norwegischen See- und Luftstreitkräfte mit den Allierten Norwegen verlassen haben.

. . .»

Telegrammet er ekspedert 10. juni 1940 klokka 10.40.

Det er altså utanfor tvil at dei tyske forhandlarane både i Narvik-området og i Trondheim kjende til situasjonen, og visste at dei norske forhandlarane berre hadde i oppdrag å avvikla dei styrkane som var att i Nord-Norge, og at krigen heldt fram uavhengig av forhandlingane i Trondheim eller Narvik.

Likevel blir det hevda at avtalen i Trondheim skulle gjelda for alle eksisterande norske styrkar — og det må vel då tyda også dei som var på veg til Storbritannia. Argumentasjonen for dette synet byggjer først og fremst på ei reint språkleg tolking av sjølve ordlyden i Trondheims-avtalen. Dette er emnet for neste artikkel.

Fakta om NORGE-EEC

